



Sverre Myklebust har gjort unna første etappe på Børnes og no kan Byggservice rykka inn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

No har Sverre Myklebust Maskinstasjon gjort unna første etappe i arbeidet med reisenlegget på Børnes der kloakken frå dei sentrale deler av Uskedalen skal samlast.

På eitpar veker har Sverre og Sigmund Myklebust reinska tomta og sprengt seg ned frå 6,5 meter til 0,9 meter over fjordnivået. Rundt rekna 2.000 kubikkmeter fjell er borte.

No kan Byggservice ta til med den bygningstekniske delen av prosjektet som ved sida av montering av slamavskillarar mellom anna skal omfatta luktreinseanlegg, noko unikt i Kvinnherad. Arbeidet med den bygningstekniske delen skal i gang omgåande, får uskedalen.no opplyst.

Myklebust er underentreprenør for graving, sprenging og gjenfylling både på Børnes og Korsnes og skal no i gang med førebuande arbeider med kloakken på Korsnes. Og så går det slag i slag også der.

Men det andre byggjesteget skal ikkje gjennomførast før neste år, då det skal byggjast pumpestasjonar og leggjast overføringsleidningar til Børnes.

Av Ola Matti Mathisen